

Orkdal menighetsblad

Nr. 7

Juli 1984

34. årg.

KROSS ELLER HAMMAR

Det finst visst ingen annaler som fortel oss noko om den første kyrkjebygging i Orkdal. Det måtte da vera i nokon gamal foliant i pavens bibliotek i Rom. Der skal det finnast så mangt – berre ein kunne koma over det.

Det vi veit visst er at den første kyrkja her vart bygd som ei fylgle av frostatingslovens påbod om fylkeskyrkjer. Kyrkja på Grytting (Grøtte) var den eine av to fylkeskyrkjer. Den andre står

framleis i Skaun. Trulegvis vart den første kyrkja vår stående der gardshovet på Grytting hadde stått. Ja, kanskje var det hovet som vart tatt til kyrkje frå først av.

Vi har vel lov å tru at når kongsboden om å avskaffa hovet og vigslig av kyrkjer kom – så var langt frå alle odelsmenn glade. Mangt eit Torsbilete og mang ei Odinsstøtte vart nok tatt vare på og løynleg gøynt i lange tider

etter kyrkjevigslinga. Store hovdingar hadde i mange ættled sigld utetter fjorden for å fare på vikingeferd i vesterveg, og først hadde dei svingt torshammaren over blotofra til gudane for å vera visse på seier. Stor fagning og heider venta dei, når dei så kom heimatt. Da venta hovet og Offergoden at gudane fekk sin del av byttet og vart heider og takk til del.

Men så hadde det også hendt at ein og annan kom heimatt – som hadde møtt Kvitekrist på sin villmarksveg. Dei málbar det nok ikkje så høgt straks, – i allefall ikkje om det var ein småmann i hovdingeflokken. Men det brann inni han og ga han ikkje fred. Han hadde møtt ein Gud sterke enn alle dei gamle. Så kunne det også henda at det mellom trælane dei hadde med heim, var både ein og fleire som fortalte den sanningssökande om Kvitekrist den sterke og milde. Slik tok den gamle asatrua til å rakne. Men først da kongsmakta og hovdingemakta baude det – tok folket ved kristentrua ved dåp og kyrkjehus vart bygd. Og her i Orkdal har det vore tidleg ute. Den eldste klokka i tårnet på »Grøttekyrkja» er frå 1100. Den hong nok allereide i den første steinkyrkja som var bygd – kanskje så tidleg som i 1080. Ei trekyrkje har nok vore her før.

Mest kvar gong eg trør inn i presteskriftehuset (sakristiet) og

forts. side 2

OLSOKSALME

**Da Olav konge bøyde hodet til dåpens bad i kristent land,
Da kristnet Kristus heltemotet til hellig liv i dåpens vann.
Da vigslet Ånden første gang
Vår stammes liv til veien trang.**

**Da Olav Kongen sank i døden fikk livets håp sin store seir.
Den sterke Krist ham hjalp i nøden. Guds ark var kommet i vår
leir.
Vi sto for Gud i hellig sang –
et kristenfolk for første gang.**

**I tusen år oss fulgte siden – solstrimen lik på mørke sky
til bot for sår, til seir i striden – Det kristne livshåps morgengry.
Det lyser over porten trang
Det være skal vår svanesang.**

**Nu boyer hodet folkeskaren – til dåpens tvett, til håp og tro
og stridsmenn korstmenn blir i faren. Av troens grunn vårt håp
skal gro.
Vi holder Olsok norske mann.
Med livshåp for vårt elskede land.**

Jens Gleditsch.

MIN SALME

vel fullenda livsens ferd,
rettferdskransen no ligg ferdig
for meg i ei betre verd.»

Borghild Slørdal

Alt i unge år lærte eg å setja pris på Hovden-salmen nr. 64 i L. rev. Det er ei bønesalme som gjev uttrykk for kjensler som også har rørt seg i min barm. Anten vi er unge, i manndomsår eller eldre får vi oppleva at å leva er å kjempa. Vi står i strid mot makter i oss, og fører kamp mot krefter *kring oss*.

»Hjelp meg, Herre Krist, å strida
i di kraft den gode strid.»

Her peikar salmediktaren på noko sentralt, som med eitt gjer striden til ein *god strid*: Vi skal få kjempa i Hans kraft og ikkje sjå oss blinde på vår eiga maktløyse.

Livet blir ofte samanlikna med ei reise. Sjølvsgart er dei sollyse slettene der og, men når motbakkar melder seg, skoddelandskap og dystre tunnelar dukkar opp, da er det ikkje lett å vera menneske. Ein kjänner seg så ørande liten, så einsam og forlatt. I den situasjonen skal vi få sukka med salmediktaren:

»Fylg meg alltid ved mi sida,
fylg meg all mi levitet!»

Freden og gleda fyller oss i fall vi oppdagar at Han er der, enda vi trur Han er langt borte.

Og så kan det vera lumske hol langs vegen og bræ stup. Somme er sikre på seg sjølv at slike vanskar er lette å unngå, men ingen kan vel vera viss på at ein sjølv skal stå når freistainga melder seg. Slik har vi heller ikkje rett til å triumfera over ein fallen bror, men vi må be for kvarandre og for oss sjølve:

»Svimrande ved syndedjupi
viljeveik eg falla kan.

Herre, leid meg langs med stupi
med di sterke frelsarhand.»

Kva så når siste striden er endt? Her synest det for meg som om presten og salmediktaren Hovden solidariserer seg med oss vanlege, stridande menneskeborn. Tvilne er der medan vi er undervegs, men Hovden vonar å kunne gjera Paulus sine ord til sine eigne, og det er vel og bona vår.

»Å, kor sælt om eg kan svara
når til siste kveld det lid
og or verdi eg skal fara:

»Eg hev stridt den gode strid.
Trui hev eg halde herdig,

KURSSERIE OM KRISTENT BARNEARBEID

Dronning Mauds Minne/Olavsgården vil i skoleåret 1984/85 halda ei kursserie om kristent barnearbeit. Serien vil bestå av 4 to-dagers kurssamlingar med 6-8 timars dagleg undervisning.

Kursdagane er:

3.-4. september, 5.-6. november,
14.-15. jan. og 11.-12. mars.

Kursprogram får ein hjå Janne Ursin tlf. 07 512477.

ORKDAL MENIGHET

Bakkseterdag 26/8 kl. 15.

GEITASTRAND MENIGHET

Gave til Misjonssambandet ved Oline Haugnes gravferd kr. 1350,-

fra side 1

ser den dørkarmen av hoggen stein frå millomalderkyrkja (innsett i kyrkjehuset ca. 1250!) – så tykkjer eg mest at steinane talar. Eg ser for auget alle dei prestar som har vore her før meg opp igjennom hundreåra og forkynt Guds ord. Eg ser alle slitarane frå gardar, nyrydningar og kålmiler innpå skogen som her fann si helgakvile, som fekk høyra ordet om freden og paradiset, og som og fekk høyra at vegen dit gjekk gjennom syndsvedkjenning og Guds tilgjeving. Grundtvigs herlege salme vil også for vår generasjon ha sin gyldighet:

forts. side 3

småminka seg for Kvitekrist. Folkekarakteren fekk ein annan svip. Vikingen som før hadde røva og rana, vannhelga og drepe, som hadde stått i ættehevn og blodstrid med uvener, han hadde lært å fylgja etter fotefara til den barmhertige samaritanen. No hadde han lært at han skulle venga det andre kinn til og tilgje 7 gonger 70 gonger. Det var ei vanskeleg lekse. Mange lært det vel ikkje men vart vikingar alle sine år, og i mange ættled vart nok vikingen med som arvelodd i sjølve blodsbandet.

Motsetnaden mellom kross og hammar fylgte nok ætta heile vegen opp igjennom dei tusen år. Det vil sikkert også alltid vera slik. Alltid vil det vera nokon som VIL SEG SJØLV og som kjänner at Kvitekrist står i vegen.

Når vi skal bøya hodet i tilbeding olsokdag 1984, så skjer det samstundes med at hammaren løftes mot krossen nett på same vis som dengongen første kyrkja her vart bygd. MELD DEG UT AV KRISTENSAMFUNNET OG KAST KRISTUSÅKET AV heiter det no. Somme vil fylgja den oppmodinga, kanskje helst slike som har ete av kunnskapens tre såvidt mykje at dei meiner seg å vita alt. Også det at Kvitekrist ikkje finst.

Det står i Guds ord at ordet om krossen er ein dårskap for grekaren, ein støytestein for jøden, men ei Guds kraft for kvar den som trur. Dette er eit sant ord også i vår generasjon. Eit kyrkjehus – likesålite som eit kyrkjesamfunn vil vera ferdigbygd for all tid. Kvar generasjon og kvart einskildmenneske må på ny og på ny kjempa for å koma inn i Guds rike og ta ei viljesavgjerd om kor det vil stå i denne striden mellom kors og hammar. Grundtvigs herlege salme vil også for vår generasjon ha sin gyldighet:

MENIGHETSBLAD FOR ORKDAL PRESTEGJELD

7300 Orkanger

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunnerius Kjøren, Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem

Postgironr.:

3 26 87 29

Takk for gaver og kontingent!

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger

Sats, repro:

Fagerli Offset A.S., Svorkmo

Trykk:

Orkanger Offset A.S., Orkanger

Kirken den er et gammelt hus
står om enn tårnene faller
tårner full mange sank i grus
klokker enn kimer og kaller.

Gjennom alle hundreår har tors
hammaren vore løft til ulivshogg
mot kristenkrossen og gjennom
alle hundreår har det vore blod
vitner. MELLOM KRISTUS
FORNEKTING OG KRISTUS
FORFØLGJING ER GRENSA
UHYRE LITEN NÅR DET BER
PÅ ALVOR. MEN MELLOM
VITNEMÅLET OM KRISTUS
OG GUDS RIKE ER DET EI
OPEN DØR.

K.R.

Alt på én Uni-Polise

Norges
Brannkasse

Forsikrer alt du setter pris på.
Brantakstbestyrer
Olav Ree, 7300 Orkanger
tlf. 80800 – 80878

TORFINN SVARTES TANKAR

Tida mellom jonsok og olsok er verste tida her på garden, — med skrømt meiner eg. Like visst tar vi til å høyre det tuslar og går på mørkeloft og i gammalstuggu. Ja, vi veit det alle at det er gardenes ættefar, hovding og grunnleggjar som tar til å bu seg til olsokferd. Eg har aldri lese det i nokor sogebok, iallefall har ikkje Snorre nemnd det, det eg veit. Likevel så har eg skyna det i over 50 år no at den første Torfinn Svarte var med på Stiklestad i 1030. Diverre er eg like sikker på at han var med i bondehären som felte Heilag Olav. Det er ein utriveleg arv å bæra på.

Inatt droynde eg også at eg for til Kalv Arneson på Egge. Han hadde sendt bod på meg at eg måtte taka med meg alle mine beste menn og koma dit det snøggaste eg vann. Då eg kjende meg i mågskap med Kalv, så for eg.

Utetter fjorden fekk vi fin seglbør og slapp ro. På Egge vart vi gildt fagna, og store nyhende fekk spørjast for øyra: Olav Haraldsson var sett i Jamtlan og var på veg inn i Noreg for å taka odelen sin. No laut vi skunda oss til Mære og møte Tore Hund og andre storhovdingar som låg der med skipa sine og venta. Eg vart ille ved. Sjølv hadde eg inkje utståande med kristenkongen. Trælane mine hadde fortald meg så mykje om Kvitekrist at eg tykte det var ei bra tru å tru på han. Men på Egge gjekk det ikkje an å segja slikt. Åkeren var snart ferdig til å takast, og så var eg så full av gikt. Hadde eg berre kunne koma på eit høveleg påhitt til å sleppa heim, men eg fann inkje å segja.

Då vakna eg, heilt gjennomsveitt og endå med det same eg vakna såg eg Kalv der han sat i høgsetet med drikkehornet atmed seg.

Då eg reiste meg opp i senga, såg eg at det var buksa mi som eg hadde kasta over ein stol da eg la meg. Drikkehornet var ein tom blomevase som sto på bordet attmed. Eg kjende meg glad då eg skyna at det heile var ein draum og at eg slapp vera med å fella Kvitekrist-kongen denne gongen også. Men så veit eg av femti års erfaring at no skal eg kvar kveld i fem veker framover, når eg


legg meg, fyrst høyra ættefar min tusla og gå i alle krær og når så eg endeg sovnar så skal eg kvar einaste natt drøyma om at eg er Torfinn Svarte og at eg er med på Stiklestad.

Underleg nok så stoggar draumane å koma natta mellom 29. og 30. juli. Da er dei som blåst bort. Kva har det sin årsak i? Eg har spurd meg sjølv i alle år om dette og eg har spurd lækjar, prest, lensmann og klokkar og alt gjevt folk som finst om dei kan skyna dette. Lækjaren seger han skynar det: »Du kan da skyna det», seier han, »at den første Torfinn Svarte fall på Stiklestad og no er det han bur vidare i deg. Difor drøymer du nett det han har opplevd og då når han fall, opplevde du han ikkje meir og du drøymer ikkje meir». Så enkelt er det. Prestefaren har eit anna syn på det. »Skynar du ikkje det Torfinn at ættefar din aldri har fått fred avdi han sto Kvitekrist imot og no minnar han deg om å stilla deg på andre sida». Ja, slik seier han det. Han kan elles fortelja at han og omlag tjuge andre prestemenn i år skal gå frå Sandvika ved grensen og ned til Stiklestad. Dit skal dei koma i morgontimane den 29. juli – olsokdag.

Eg ynskjer dei god tur. Må desse prestemennene berre vita å fylka seg i den hopen som ropar: »Fram, fram, kristmenn, krossmenn, kongsmenn.» Ein kan aldri vita, om dei er prestemenn aldri så mykje.

Torfinn.

BUNADSSØLV I STORT UTVALG



Gullsmed
RØHME
7300 Orkanger – Sentrum

VELKOMEN TIL KYRKJA

- 22/7 6. s. e. pinse**
ORKANGER kl. 11. Høgmesse v/ kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Menighetshuset.
MOE kl. 11. Høgmesse v/ prost Rogstad. Nattverd. Offer til KVT.
- 29/7 Olsokdag**
ORKDAL kl. 11. Olsokmesse v/ prost Rogstad. Offer til Barnevernsakademiet. – Dronning Mauds Minne.
GEITASTRAND kl. 11. Olsokmesse v/ kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Indremisjonen. Buss fra Rabygda.
- 5/8 8. s. e. pinse**
ORKDAL kl. 11. Høgmesse v/ kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Menighetsarb.
ORKANGER kl. 11. Høgmesse v/ res. kap. Aasen. Nattverd. Offer til Menighetsarb.
- 12/8 9. s. e. pinse**
- MOE kl. 11. Høgmesse v/ res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til menigh.arb.
- 19/8 10. s. e. pinse
MOE kl. 11. Høgmesse v/ kalls.kap. Slettahjell. Offer til søndagssk.forb.
GJØLME BEDEHUS kl. 11. Guds-tj. møte v/ res.kap. Aasen.
- 26/8 11.s. e. pinse
ORKDAL kl. 11. Familiegudst. v/ res.kap. Aasen og kateket Solheim. Konfirmantpresentasjon. Offer til barne- og ungdomsarb.
ORKANGER kl. 11. Familiegudst. v/ kalls.kap. Slettahjell. Konfirmant-presentasjon. Offer til ungdomsarb.
- 2/9 12. s. e. pinse
MOE kl. 11. Familiegudst. v/ res.kap. Aasen. Konfirmantpresentasjon. Offer til ungdomsarb.
GEITASTRAND kl. 11. Familiegudst. v/ kalls.kap. Slettahjell og kateket Solheim. Konfirmantpresentasjon. Offer til ungdomsarb.
- til barne- og ungdomsarb. Buss fra Husdalens.
- 9/9 13. s. e. pinse**
ORKDAL kl. 11. Høgmesse v/ res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til Nidaros Bisped. råds arbeid.
ORKANGER kl. 11. Høgmesse v/kalls.kap. Slettahjell. Konfirmantjubileum. Nattverd. Offer til Menighetshuset.
- 16/9 14. s. e. pinse**
er det Prostiets kyrkjedag på Nerskogen og inga gudsteneste i vårt prestegjeld.
- Helgavakt**
21.-22. juli Slettahjell
28.-29. juli Rogstad
4.-5. august Slettahjell
11.-12. august Aasen
18.-19. august Slettahjell
25.-26. august Aasen
1.-2. september Slettahjell
8.-9. september Aasen

**Alt i
Maling — Gulvbelegg
Gardiner**

Fannrem Farvehandel
7320 Fannrem tlf. 82 332

Orkla Samvirkelag

13 S-butikker
1 Domus-varehus
BYGGESENTER
ELEKTRISK INSTALLASJON
RØR - SANITÆRAVD.
SYSTEMHUSAVID.
NOROL - SENTER
BILVERKSTED
VERKSTED RADIO/TV
VERKSTED KJØL/FRYS

FÅ MEDBESTEMMELSE
— BLI MEDLEM I
S-LAGET

S-LAGET

Gåver til Orkdal Menighetsblad.

1/1 - 30/6 -83: Kr. 49996,-, delt på 1181 innbetalingar.
1/1 - 30/6 -84: Kr. 33725,-, delt på 788 innbetalingar.

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10
Inneh.: Oddny Blomli
Tlf. 80348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

**Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser**

**Orkdal
Sag & Høvleri**

Tlf. 82265

**BØKER - LEKETØY
PAPIR - DAMEVESKER**

**NIK. KONSTAD's
BOKHANDEL**
7300 ORKANGER

**GODT UTVALG I
KJOLEFORKLÆR
OG
HVITE FRAKKER.
Velkommen inn.**

DAGNY KORSLI A/S

Bårdshaug - Tlf. 80395